

Til medlemmene av kontrollutvalet i Meland kommune

«Navn»

«Adresse»

«Postnr_og_poststed»

Knarvik 16.11.16

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Vara vert særskilt kontakta dersom h*n må stille.

Stad: Rådhuset – Formannskapsalen

Tidspunkt: Tysdag 22.11.16 – **kl. 08.30**

I samråd med leiar er der sett opp følgjande saksliste:

33/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
34/16	Godkjenning av møteutskrift frå sist møte
35/16	Skriv og meldingar a. Vedtaksbrev – KS vedtak 98/2016 Finansrapport per 31.08.2016
36/16	Orientering om innspel til kontrollutvalet
37/16	Oppfølging av merknadar i revisjonsrapport nr. 13 (årsrekneskapen 2015)
38/16	Orientering om økonomisk status i høve til budsjett 2016
39/16	Orientering om framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn
40/16	Revisors uavhengighet, Nordhordland Revisjon IKS
41/16	Orientering om rekneskapsrevisjon 2016
42/16	Møteplan for kontrollutvalet
43/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
44/16	Eventuelt

Med vennleg helsing

Kåre Skibenes (s)

Leiar i kontrollutvalet Meland

Tonje Husum Aarland

Sekretariatet

Kopi: Nordhordland Revisjon IKS
Meland kommune v/Ordførar, rådmann og økonomisjef



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 20. september 2016
Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen
Kl.: 08.30 – 10.30
Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit, Morten Klementsén, Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen), Torhild S. Skare (vara for Rikke Nordal) og Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug)
Innkalla: Reidun Elin Johannessen, Skulefagleg rådgjevar
Revisjon: Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Aslaug Aalen (medlem), Øyvind Bratshaug (medlem) og Rikke Nordal (medlem)

26/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

27/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte Saksvedlegg: Møteutskrift frå møtet 21.06.16

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 21.06.2016 vart godkjent.

28/16 Skriv og meldingar

- a. Tilsynsrapport: Tenester til personar med utviklingshemming, Fylkesmannen i Hordaland
- b. Streaming av kommunestyremøter

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til vitande. Kontrollutvalet ønskjer i neste møte å få ei orientering om kommunen sin oppfølging av tilsynsrapporten.

29/16 Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt - Barnevernstenesta

Saksvedlegg: «Prosjektplan: Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim.»

Kontrollutvalet vedtok å bestille utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i sist møte. Prosjektplanen gjev ei oversikt over bakgrunn, føremål, avgrensing, førebels probelmstillingar, revisjonskriterium, metode, organisering og ansvar og tidsplan for prosjektet.

Prosjektplanen si overordna problemstilling er: «Har barnevernstenesta i Meland kommune eit internkontrollsystem som sikrar barn i fosterheim nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?». Prosjektet vil truleg starta opp siste halvår 2016, og handsamast i kontrollutvalet på forsommaren 2017.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.

30/16 Orientering om tilsynsrapport; oppfølging av krav i opplæringslova kap. 9a om elevane sitt læringsmiljø

Saksvedlegg: «Internkontrollsystem for grunnskulen i Meland kommune» og Tilsynsrapport – kommunen sitt ansvar for at Rossland skule følgjer krav i opplæringslova kap. 9a om psykososialt miljø, Fylkesmannen i Hordaland (rapporten er unntatt offentlegheit jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 første ledd nr 1, og vert utdelt i møtet)

Opplæringslova § 13-10 pålegg kommunen som skuleeigar å ha eit system for å vurdere om krava i regelverket vert følgt og følgje opp eventuelle avvik. Kapittel 9a i lova seier vidare noko om elevane sitt skulemiljø, mellom anna i § 9a-1: Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte våren 2016 tilsyn med Meland kommune sitt ansvar for at Rossland skule følgjer krav i opplæringslova kap. 9a om elevane sitt læringsmiljø. Tilsynsrapporten er unntatt offentlegheit, jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 første ledd nr 1, og vert utdelt i møtet.

Skulefagleg rådgjevar, Reidun Elin Johansen, stilte i saka for å gje ei orientering om oppfølgingsarbeidet tilknytt tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet jf. offl. § 13, fvl. § 13 første ledd nr 1 og koml. § 31.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

31/16 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen, og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klemmentsen

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

32/16 Eventuelt

A. Politikerportalen

Det er ønske frå kontrollutvalet å få ei orientering om politikerportalen.

B. Kontrollutvalet sine møter i møteplanen

Neste møte i kontrollutvalet er 22. november kl. 08.30.

Frekhaug, tysdag 20. september 2016

Kåre Skibenes /leiar



Tonje Husum Aarland /sekretær





Kontrollutvalet

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2480 - 16/21835

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
16.11.2016

Finansrapport per 31.08.2016

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Kontrollutvalet, Leiar av kontrollutvalet, Nordhordland Revisjon IKS

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 250	16/2480

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
98/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

Finansrapport per 31.08.2016

Vedlegg:

Meland kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr 31 08 16

Meland kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr 30 09 16

Meland kommune - Finansrapport 2016-08 (L)(248087)

Saksopplysningar:

Ihht. til det vedtekne Finansreglement for kommunen skal det utarbeidast finansrapport kvart tertial. Reglementet vart revidert siste gang i sak 38/2015 i Kommunestyret 6. mai 2015.

Det vart ikkje laga rapport per 30.04.2016, og dermed er vedlagte rapport første finansrapport i 2016.

Per 31. august er vi i brudd med finansreglementet når det gjeld gjennomsnittlig gjenværende rentebinding (durasjon), som skal vere mellom 1 og 5 år. Dette kjem fram av vedlagte gjeldsrapport frå BCM per 31. august 2016 på side 6. Forholda vart retta opp i september i samband med opptak av nytt lån med rentebinding på 5 år, og rapporten per 30.09.2016 som er vedlagt viser at vi nå er innanfor alle krav i det vedlagte reglementet.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.08.2016 til vitande»

Formannskapet - 87/2016

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.08.2016 til vitande»

Kommunestyret - 98/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.08.2016 til vitande»

Kopi: Ordfører
Rådmann
Økonomi-
ansvarleg

Meland kommune
Kontrollutvalet

Isdalstø, 06.04.2016
Revisjonsrapport nr.13

Årsrekneskapen 2015

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2015. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 seier at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

1. Drifts- og investeringsrekneskapen

1.1. Driftsresultat 2015

Kommunen har eit positivt netto driftsresultat på kr 16,2 mill. som utgjer 3,1 % av sum driftsinntekter. Resultatet er kr 10,8 mill. over budsjettert netto driftsresultat. Totalt sett er budsjettstyring tilfredstillande.

1.2. Inntektsføring og interne rutiner

I 2014 vart det i revisjonsrapport kommentert avvik i avstemming mellom fagsystem og betalingssystem for inntekter frå legekantor. Dette er ikkje avklart og utbeta ved utgangen av 2015. Ber om at dette blir retta i 2016, jfr. gjennomgang i samband med årsavslutninga.

Vi har i 2015 kontrollert rutiner for inntektsføring og lønsrapportering ved Meland Ungdomsskule. Dette er rapportert i eige brev. Kontrollen avdekkar ingen avvik.

1.3. Tilskot private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein stor utgiftspost i kommunen sin rekneskap. Art 13720 Driftstilskot barnehagar og art 13723 Ekstraordinært barnehagetilskot inneheld i 2015 totalt utgiftsført kr 69,6 mill. I 2014 var tilsvarande kr 72,4 mill. utgiftsført. Det er framlagt dokumentasjon frå Telemarksforskning for kvalitetssikring av tilskot 2015.

1.4. Attestasjon og tilvisning

Under revisjonen sine stikkprøver har vi notert nokre utgiftsbilag som ikkje er attestert eller tilvist. Dette gjeld bilag 60274, 1464 tapsføring av krav og 60318, 1909 startlån og tilskot. Vi ber om at rutinene for attestasjon og tilvisning blir følgd opp slik at ingen utgiftsføring skjer utan at det forelegg attestert og tilvist bilag i rekneskapen.

1.5. Lønsmelding av økonomisk sosialhjelp og foreldrebetaling

Desse er rapportert via oppgave til skatteetaten. Avstemming mot rekneskap viser uavklart avvik. Vi ber om at rutine for nøyaktig avstemming av desse blir innført i 2016.

2. Balanse

2.1. Anleggsregister

Anleggsregister er ikkje sortert rett i høve til rekneskap når det gjeld konto og anleggsgrupper. Dette må korrigerast i 2016.

2.2. Aksjar

Det er bokført tilgang av aksjar i Sambandet Vest AS med kr 120 000 i 2014 og bokført verdi av aksjane er etter dette kr 170 750. Ved endring av kapital i selskapet, registrert i Brønnøysund 08.09.15 vart tidlegare aksjekapital nedskrive til kr 0 og ny innbetalt aksjekapital kr 1,6 mill registrert. Meland har ikkje gjennomført nedskrivning av aksjekapitalen i sin rekneskap. Vi har fått opplyst at det også i 2015 skal vera gjort vedtak om endring av aksjekapital i dette selskapet. Desse endringane er ikkje bokført i kommunen sin rekneskap og vi ber om at kommunen avklarar balansesum for desse aksjane i 2016.

Det bør og vurderast om desse innbetalingane av ny kapital kan førast i investeringsrekneskapen eller bør førast som driftsutgift. Dersom selskapet yter tenester for kommunane

og dette blir dekket av ny aksjekapital framstår utgifta som ei driftsutgift. Det bør såleis og vurderast om desse betalingane gjeld ein aktivitet som er avgiftspliktig etter meirverdiavgiftslova der kommunane har rett på mva kompensasjon.

2.3. Aksjefond

Kommunen har tidlegare plassert midlar i verdipapirfond. Bokført verdi av desse 31.12.2014 var kr 12 304 976. Fonda er seld i desember 2015 med avkastning kr 117 156.

2.4. Bankkontoar utanom rekneskapen

Etter kommunelova § 48 skal årsrekneskapen «omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene.» Revisjonen sende i 2015 ut skjema for å hente inn opplysning om slike kontoar. Skjema er ikkje fordelt og besvart i 2015 og vi ber om at kontrollen blir gjennomført i 2016. Revisjon av likvidområdet viser at kommunen har nokre bankkontoar som kommunen er eigar av, men som ikkje er bokført i kommunerekneskapen. Dette har tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar. Bankkontoar utanfor rekneskapen medfører risiko og rekneskapen tilfredstiller då ikkje krava i kommunelova § 48.

2.5. Avstemming bank

I 2015 har ikkje bankavstemming vore ajour gjennom året. Slik avstemming er viktig å gjennomføre løpande då det er ei viktig kjelde til å avdekke feil. Vi ber om at området blir prioritert i 2016.

Vår gjennomgang viser at renteinntekter stemmer med årsoppgåver. For 2016 ber vi om at kommunen avstemmer renteinntekter som del av årsavslutningsarbeidet.

2.6. Leverandørgjeld

Vi har fått opplyst at leverandørgjeld blir avstemt i samband med årsavslutning. I tillegg bør det gjennomførast avstemming av leverandørgjeld på nokre tidspunkt gjennom året. Slik avstemming og gjennomgang er nyttig for å avdekke feil og vi vil tilrå at ein rutinemessig innhentar kontoutdrag frå utvalde leverandørar for avstemming mot eige rekneskap.

2.7. Låneopptak

I budsjettvedtak for 2015 er låneopptak sett til kr 71,65 for egne investeringar og kr 7 mill for formidlingslån. Faktisk låneopptak er lågare med grunnlag i budsjettendring for redusert bruk av lån. Vi rår til at vedtak om endra bruk av lån også inneheld avgjerd om endra låneopptak når dette er aktuelt. Skilje mellom vedtak om bruk av lån og låneopptak er tilrådd i KRD sin veileder budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet kapittel 8.2. Grunnen til dette er at låneopptak skal vurderast særskilt i høve til unyttta lånemidlar.

2.8. Kapitalkonto

Kapitalkonto skal være lik anleggsmidlar – langsiktig gjeld + unyttta lånemidlar. I rekneskapen er det eit avvik på denne avstemminga på kr 351 993. Avviket som oppstod i 2010, var kommentert i revisjonsrapport nr 5 og 12 samt revisjonsmelding for 2010. Differansen har vore uendra dei siste åra og denne må korrigerast i 2016. Feilen medfører at kommunen sin rekneskap viser for høgt disposisjonsfond med tilsvarande beløp.

2.9. Bunde driftsfond formidlingslån

Under bundne driftsfond ligg art 25519000 Ekstraordinære avdrag startlån. I 2015 er saldo auka med kr 3 113 454 og utgjør kr 13 418 524 ved utgangen av året. Etter KRS 3 kan pkt. 3.4 nr 2 kan fondet nyttast til å dekke avdrag på og innfrielse av innlån, til å redusere opptatt beløp ved låneopptak eller ved refinansiering av lån. Då fondet har auka vesentleg bør ein vurdere om det er hensiktsmessig å bruke dette til å finansiere utlån gjennom å redusere låneopptak til formidlingslån.

3. Budsjett

Forskrift om revisjon § 3 definerer revisjonens oppgåver. Under dette inngår å «se etter at beløpene i kommunens/fylkeskommunens eller det kommunale/fylkeskommunale foretakets årsregnskap stemmer med regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringer fattet på riktig beslutningsnivå,».

Budsjettet er og omtalt i forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 3:

«Driftsregnskapet og investeringsregnskapet skal stilles opp i henhold til vedlegg 1 og 2 til denne forskriften og vise regnskapstall på samme detaljeringsnivå som kommunestyret og fylkestinget har brukt i årsbudsjettet.»

I same forskrift er årsmelding og budsjett omtalt i § 10:

«Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.»

Etter forskrifta skal drifts og investeringsrekneskapen ha same detaljeringsnivå som blir brukt i årsbudsjettet. Årsmeldinga skal kommentere avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og regulert budsjett.

Kommunen nyttar i stor grad ei anna oppdeling av rekneskapen ved budsjettstyring gjennom året og budsjettjusteringar enn dei rammene som kjem fram i årsrekneskapen. Til dømes er opphavleg budsjett i rekneskapsskjema 1B for 2015 kr 395,3 mill. medan kommunestyrevedtak 86/14 viser kr 393,1 mill. I årsmeldinga er og i stor grad lagt til grunn den interne oppdelinga av rekneskapen og beløp som er kommentert framgår ikkje klart av årsrekneskapen.

Etter forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner skal årsbudsjettet sitt detaljeringsnivå samsvare med årsrekneskapen. For å få samanheng årsbudsjettet og årsrekneskapen sin taldel med vedtak og kommentarar til budsjett må desse samsvare med dei obligatoriske oppstillingane. Når budsjettavvik skal kommenterast i årsmeldinga er det avvik i årsrekneskapen som skal omtalast, jfr. same forskrift § 10.

Vi ber difor om at kommunen går gjennomgåar kontoplan med omsyn til ansvarsoppbygging slik at ein får samanheng mellom årsbudsjett, budsjettjustering gjennom året og årsrekneskap. Intern budsjettjustering på lågare nivå kan nyttast i administrasjonen, men i høve til politisk og offentleg nivå er det forskrift om årsbudsjett og årsrekneskap som legg rammene.

Ved årsavslutninga var ikkje budsjettjusteringar og regulert budsjett dokumentert med avstemming. Det bør innførast slik avstemming av alle budsjettvedtak mot rekneskapen. Til dette kan nyttast skjema i årsavslutningsmappa.

4. Årsavslutning og dokumentasjon

Kommunen har ikkje følgd sin eigen tidsplan med omsyn til ferdigstilling av årsrekneskapen. Dette har medført at ein del område er seint avstemt og at det på ein del område og det er avstemmingsdifferansar som ikkje er tilstrekkeleg avklart innan fristen for rapportering. Vi har vurdert desse områda og meiner dei ikkje medfører vesentlege feil i rekneskapen, men vi understrekar at dette medfører større risiko for avvik.

5. Konklusjon

Dei kommentarar som er teke inn i denne rapporten er ikkje vurdert som vesentlege feil i høve til vår revisjonsmelding, men er av betydning for kommunen sin internkontroll på økonomiområdet. Vi ber difor om at desse blir følgd opp i 2016.

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 240, TI - &14	16/2481

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
86/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016

Økonoisk rapportering august 2016

Vedlegg:

Vedlegg 1-Status rekneskap-budsjett pr aug. 2016

Vedlegg 2 - Investeringer per 31.08.16

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus.

Vedlagt følgjer rapportering per august 2016.

Vurdering

Det overordna bilete er at vi på dei aller fleste tenesteområda ser ut til å komme ut innanfor tildelte budsjettammer, men for rådmann/stab, økonomikontoret, barnevern og kultur ventar vi meirforbruk ut over rammer fordelt av rådmannen. Netto meirinntekter frå skatt/rammetilskot/finans veg opp for dette meirforbruket, og vi ser førebels ut til å gå i balanse totalt sett for året 2016. Det vert ikkje gjort framlegg til budsjettendringar som følgje av den vedlagte rapporteringa. Sjå vedlagte driftsrapport i vedlegg 1.

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan VA følgjer som vedlegg nr 2.

Denne viser at påløpte investeringskostnadar per 31.08.2016 er på totalt kr 48,1 mill (sjå kolumna Rekneskap 2016 hittil). Av dette er kr 27,9 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 20,3 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup. Budsjettet er totalt kr 179,1 mill (inkl. Startlån), 137,6 mill for ordinære investeringar og kr 41,5 mill for VA-prosjekter. Dette inkluderer budsjettjusteringar i løpet av 1. halvår 2016 på kr 11,1 mill.

Framlegg til vedtak:

"Budsjett rapport pr 31. august 2016 vert teken til vitande."

Formannskapet - 86/2016

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

"Budsjettrapport pr 31. august 2016 vert teken til vitande."

Tenesterapportering pr august 2016 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Tenesteområde		Budsjett 2016	Budsj. endr. 2016	Revidert budsj.	Rekneskap pr 31.08.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
10	POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 649		17 649	11 310	6 339	64,1	17 899	-250	Høgt forbruk hittil i år grunna fleire store postar som er betalt for heile året, dette gjeld td. personforsikringar, drift av kantine og interkommunalt arkiv som til saman utgjær omtrent kr 2 mill. Utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste er for lågt budsjettert (ca 150 000 i overforbruk 1. halvår). Høgare utgifter til frikjøp av HVO (ansvar 104) enn budsjettert, stipulert meirforbruk på kr 95 000 for heile året. Også utgifter til lovpålagt HMT-opplæring har høgare kostnader enn budsjettert. Resultatet av kap. 5-forhandlingane vil gje utslag på på oktoberlønene med etterbetaling frå 01.05.2016.
11	ØKONOMI-KONTOR	8 400		8 400	5 797	2 603	69,0	9 150	-750	Drift av kemnerkontoret var i framlegget statsbudsjett for 2016 foreslått overført til staten gjeldande frå 1. juni 2016. Det var derfor berre budsjettert med 5 mnd tilskot til drift av det interkommunale kemnerkontoret. I budsjettavtalen mellom H,FrP, V og Krf frå desember vart denne omlegginga reversert, og utgifter til kemnerkontoret påløper derfor heile året. Dette medfører auke i utgifter med kr 750.000,-. Motposten er auke i rammetilskot på tenesteområdet 12 Økonomi/Finans på kr 1,0 mill. Elles har øk.kontoret meir overtid enn budsjettert grunna årsoppgjørsarbeidet, men innsparing på andre postar gjer at ein totalt for året forventar å kome ut med eit netto meirforbruk på kr 750.000,-. Ny medarbeider tilsett frå 15. august, budsjettert heile året. Innsparing vert brukt til ekstra prosjektmedarbeider hausten 2016 for å arbeid med implementering av nye IKT-verktøy innan løns- og personalområdet. Dette som del av samarbeidsprosjekt med Radøy og Lindås kommunar.
12	ØKONOMI / FINANS	-422 740		-422 740	-297 760	-124 980	70,4	-424 440	1 700	Folkeveksten i 2015 vart på 1,0%. I budsjettet for 2016 vart det rekna med ein vekst på 1,7% i løpet av 2015. Folketal per 1.1.2016 er difor lågare enn budsjettert, og inntektene frå skatt og skatteutjamninga vert med det lågare enn budsjettert. Auka skattenivå nasjonalt så langt i år fører til auke i skatteutjammingsinntektene for Meland kommune. Som nemnd over vert det ei auke i rammetilskotet som følgje av budsjettssalderinga i Stortinget med kr 1,0 mill. Netto reknar ein med at med at inntektene frå skatt og rammetilskot vert kr 0,5 mill høgare enn budsjettert i 2016. I tillegg er det venta høgare renteinntekter enn budsjettert grunna god likviditet og god avtale om plassering av overskotslikviditet. Utbytte frå BKK er kr 423' høgare enn budsjettert. Netto meirinntekt frå desse postane er så langt venta å bli kr 1,2 mill.
13	INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 950		13 950	6 595	7 355	47,3	13 950		Ligg med eit mindreforbruk hittil i år, ingen forventa avvik så langt.

Tenesteområde	Budsjett 2016	Budsj. endr. 2016	Revidert budsj.	Rekneskap pr 31.08.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
14 RÅDGJEVAR-TENESTE	9 338		9 338	3 774	5 564	40,4	9 338		Lågt forbruk hittil i år, vil jamna seg ut utover i året grunna refusjonskrav.
15 Private barnehagar	78 952		78 952	51 353	27 599	65,0	78 952		Ingen forventa avvik per 31.08.2016, men usikkert fordi ein per i dag har lite oversyn over kor mye refusjon som kommunen må betale for born som går i barnehage i andre kommunar.
19 PPT	2 163		2 163	1 181	982	54,6	2 163		Ingen forventa avvik per 31.08.2016.
20 Kommunal Barnehage-drift	5 970		5 970	4 078	1 892	68,3	5 970		Ligg med noko høgt forbruk hittil i år grunna flyktningmidlar som ikkje er inntektsførte per 31.08.2016.
21 GRASDAL SKULE/SFO	12 115	330	12 445	7 377	5 068	59,3	12 445		Ternesteområdet totalt sett ligg i rute. På SFO er det nedgang i inntektene frå foreldrebetalingar, slik at netto forbruk på SFO ligg høgare enn budsjettet.
23 MELAND UNG.SKULE	17 639	-1 000	16 639	9 749	6 889	58,6	16 639		Tenesteområdet ligg med mindreforbruk grunna betydelege refusjonar for gjesteelevar/institusjonsplasserte elevar. Kor stort dette vert ikkje klarlagt, vert spesifisert nærare i seinare rapportering. Har og mindreforbruk og på vaksenopplæring grunna sjukefråver der det ikkje har vore høve å setja inn vikar.
24 ROSSLAND SKULE /SFO	24 349		24 349	15 797	8 552	64,9	24 349		Ternesteområdet totalt sett ligg i rute. På SFO er det færre born enn budsjettet samstundes som fleire har skifta til kortare plass. Dette resulterer i lågare inntekter frå foreldrebetalingar. SFO-drifta er difor nedjustert med 0,41 årsverk.
25 SAGSTAD SKULE/SFO	28 373	330	28 703	17 330	11 373	60,4	28 703		Mindreforbruk iht. budsjett. Dette skuldast auka refusjonar samt rimelegare drift av SFO då det ma. er ei 24%-stilling som står ubesatt ut året.
26 VESTBYGD SKULE/SFO	16 419	340	16 759	10 763	5 995	64,2	16 759		Ternesteområdet totalt sett ligg i rute. På SFO er det nedgang i inntektene frå foreldrebetalingar, slik at totalt forbruk på SFO ligg høgare enn budsjettet.
30 HELSE	26 388		26 388	13 934	12 454	52,8	26 388		Ligg med lågt forbruk hittil i år. Reelt sett høgare forbruk då delar av utbetalte tilskot i år skal framførast til neste år. Ventar ikkje avvik frå budsjett totalt for året.
35 SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 950		11 950	6 378	5 572	53,4	11 950		Tenesteområdet har noko mindreforbruk så langt i år. Sosiale tenester ligg i rute som budsjettet (65% forbruk per 31.08.2016). Flyktningtenesta får i 2016 betydeleg meir tilskot enn budsjettet, men prinsippet om avsetning til driftsfond gjer at området uansett vi gå i balanse totalt for året.

Tenesteområde		Budsjett 2016	Budsj. endr. 2016	Revidert budsj.	Rekneskap pr 31.08.2016	Rest budsj. 2016	Påløpt % av bud.	Progn. 2016	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
36	BARNEVERN	10 190		10 190	5 991	4 199	58,8	10 690	-500	Ligg pt. med eit mindreforbruk, då det er motteke fullt statleg tilskot for 2 stillingar. Dette vil endra seg ilt. året då Bufetat, grunna maskinell glipp frå deira side har gløymt å fakturera Meland kommune for to tiltaksplassar i 2015, og ekstra kostnader med omlag kr 750' vil påløpe i 2016 som eigenleg skulle vore i 2015-rekneskapen.. Totalt reknar vi med eit avvik frå budsjettet på omlag kr 500' i 2016.
37	MELAND SJUKEHEIM	39 970		39 970	25 146	14 824	62,9	39 970		Ligg pt. i rute budsjettmessig. Utfordringar med utskifting av personale og samt vanskar med å få vikarar til å dekkja opp ved sjukefråver, noko som fører til at ein må nytta eksterne vikarbyrå.
38	MELAND HEIME-TENESTER	59 806		59 806	39 900	19 906	66,7	59 806		Ligg pt. med moderat meirforbruk. Dette vil endra seg mot slutten av året då inntekter på ressurskrevjande brukarar vert inntektsført i samband med årsavslutninga av rekneskapen.
50	KULTUR-KONTOR	8 196		8 196	4 387	3 809	53,5	8 346	-150	Ligg pt. med mindreforbruk. Dette skuldast tilskot som er inntektsført, men ikkje betalt ut. Desse vert betalt ut seinare på året. Feil i periodisering av inntekter motteke i 2015, gav for godt resultat i 2015, og må tilbakeførast i 2016. Dette vil medføre meirforbruk i 2016. Feilen er gjort i årsoppgjøret for 2015 av økonomikontoret.
60	PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL-TEKNIKK	29 924	50	29 974	12 281	17 694	41,0	29 974		Lønsutgiftene innan drift og vedlikehald er høgare enn budsjettert, men totalt på ansvarsområdet er utgiftene i rute. Det skuldast vakansar på det administrative området 1. halvår 2016. Gebyr- og salsinntekter ligg noko over budsjett, med størst utslag på byggesak. På den andre sida har vi ekstraavgifter til konsulenthjelp. Husleigeinntektene er i rute. Kommunale avgifter ligg litt under budsjettet. Driftsutgiftene på veg er høgare enn budsjettert for perioden, det har med vinterberedskap å gjere og kan endre seg ved årsslutt. Driftsutgiftene elles er i hovudsak i tråd med periodebudsjett. Vedlikehaldsutgiftene er generelt høgare enn budsjett men førebels er det mindreforbruk på andre område. Konsulenthjelp på plan som følgje av vakanse er ikkje budsjettert.
	Resultat/ avsetn. til disp.fond (minus er overskot)	-1 000	-50	-950	-44 638	43 688		-1 000	50	Dei fleste tenesteområda ligg i rute iht. budsjettet per 31. august 2016. Grunna meirinntekter på finansområdet reknar vi med å komme ut omtrent som budsjettert i 2016, sjølv om vi innan einskilde tenesteområde har eit forventa meirforbruk. Ikkje framlegg om budsjettendringar som følgje avvika kommentert i denne rapporten.

Periodisk prosjektrapportering - pågående investeringar

alle tal i 1000 kr

Prosj. nr	Prosj.namn	Tidsp. oppstart	Planlagt ferdig:	Prognose ferdig:	Budsjett totalt	Oppd. Progn.	Avvik budsj. - progn.	Reknesk. hittil	% påløpte kostn.	Påløpt pr 31.12.15 (reknesk.)	Rekn. 2016 hittil	Progn. 2016	Prognose 2017++	Budsj. 2016	Avvik progn-budsj
100	IKT-investeringar loaklt Meland		2016		813	813	-	205	25 %	-	205	813	-	813	-
		Skildring: Diverse IKT-invest. direkte Meland kommune Status: Nokre mindre delprosjekt iverksett													
101	IKT-invest via IKTNH-samarb.		2016		500	500	-		0 %	-		500	-	500	-
		Skildring: Meland sin del av fellesinvesteringar i IKT Nord Status: Ikkje påløpte kostn. per rapporteringsdato.													
103	Utbygging av Breiband		2016		3 100	3 100	-		0 %	-		3 100	-	3 100	-
		Skildring: Tilskot til utbygging av breiband, vidareformidling til entrepenør. Prosjekt forskjøvet frå 2015, budsjettendring sak KS 21/2016. Status: Kontrakt tildelt, tilskotet ikkje utbetalt.													
107	Ny telefoniløysing		2016		188	188	-		0 %	-	32	188	-	188	-
		Skildring: Ny felles løysning for IKTNH-kommunane Status: Kjøp av telefonar og anna utstyr, ennå ikkje fakturert frå IKTNH													
253	Tilbygg Grasdal skule	01.01.15	01.08.17	01.08.17	46 500	46 500	-	5 012	11 %	1 317	3 695	20 000	26 500	40 625	20 625
		Skildring: Utbygging av skulen med ca 1050 m2 samt ombygging av eksisterande areal i tråd med utarbeidd forprosjekt Status: Held på med grunnarbeidet. Tømrerarbeid starter primo oktober. Påløpte kostnader for 2016 estimeres til 20 mill. inkl.mva. Ny søknad til Arbeidstilsynet er no godkjent. Ingen påvirkning på fremdrift.													
254	Tilbygg Sagstad skule	01.01.15	01.08.17	31.12.17	73 500	73 500	-	10 647	14 %	1 914	8 733	25 000	48 500	50 000	25 000
		Skildring: Utbygging av skulen med ca 1650 m2 samt ombygging av eksisterande areal i tråd med utarbeidd forprosjekt Status: Held på med grunnarbeid for tilbygg og på skulen. Tømrerarbeid starter i oktober. Skolen tar i bruk siste av 3 skolemoduler i uke 37. Påløpte kostnader for 2016 beregnet til 25 mill. inkl.mva.													
256	IKT-skular		2016		375	375	-	151	40 %	-	151	375	-	375	-
		Skildring: Investering i digitalt undervisningsmaterieell på skulane Status:													
257	Uteområde skular	01.01.16	31.12.16	31.12.16	375	375	-	114	30 %	-	114	375	-	375	-
		Skildring: Kommunal medfinansiering av opparbeiding av kunstgrasbane på Vestbygd skule og utgreiing/forprosjekt for fleire parkeringsplassar på Vestbygd skule Status: Har utvida parkeringsplassen på Vestbygd skule.													
259	Vestbygd skule - ombygging	01.01.16	31.12.16	31.12.16	375	375	-	77	21 %	-	77	375	-	375	-
		Skildring: Ombygging for å ivareta elevar med særskilte behov. Status: Vegg er oppført, skinner må på plass													
261	Uteareal Sagstad skule	01.01.16	31.12.17	31.12.17	2 000	2 000	-	-	0 %	-		500	-	500	-
		Skildring: Kjøp og opparbeiding av uteareal for Sagstad skule. Skulen har i dag for lite uteopphaldsareal for elevane. Status: Held på med planlegging.													
270	Ny kommunal barnehage	01.01.16	31.12.19	31.12.19	38 125	38 125	-	200	1 %	-	200	375	37 750	312	-63
		Skildring: Etablering av en ny stor kommunal barnehage. I første omgang må det utarbeidast ein reguleringsplan for aktuelt område for utbygging Status: Held på med moglegheitsstudie for å vurdere lokalisering av ny barnehage. Vil også bli gjennomført ei eigen moglegheitsstudie for Langelandsskogen. Ettersom Langelandsskogen er eit av lokaliseringalternativa vil konklusjonen av moglegheitsstudia for barnehage bli koordinert med moglegheitsstudia for Langelandsskogen, tidleg i 2017.													

Prosj. nr	Prosj.namn	Tidsp. oppstart	Planlagt ferdig:	Prognose ferdig:	Budsjett totalt	Oppd. Progn.	Avvik budsj. - progn.	Reknesk. hittil	% påløpte kostn.	Påløpt pr 31.12.15 (reknesk.)	Rekn. 2016 hittil	Progn. 2016	Prognose 2017++	Budsj. 2016	Avvik progn-budsj
272	Marihøna barnehage utbetring	01.05.16	30.06.16	30.06.16	400	430		430	100 %	-	430	430		400	-30
	Skildring: Bygging av vognskur og noko innvendige arbeider for å oppgradere barnehagen Status: Utført														
350	Utleige-bustader	2016-2019			10 000	10 000	-	2 166	22 %	-	2 166	10 000		10 000	-
	Skildring: Gjeld kjøp av bustader for utleige til flyktningar. Status: Kjøpt tre bustader i 2016 og ein på slutten av 2015. To av bustadene vil ikkje bli ferdigstilt før i 2017.														
351	Omsorgsbustader	2016-2019			3 100	3 100		-	0 %	-		3 100	-	3 100	-
	Skildring: Omsorgsbustader med heildøgns helse- og sosialteneste. I 2016 er det vurdert behov for å kjøpe ein ny einestad grunna behov for rehabilitering av eldre kommunal bustad som per tid vert nytta med forsterka tenesteyting. Status:														
354	Balkong omsorgsbustader Meland rådhus	2016			125	62		62	100 %	-	62	62		125	63
	Skildring: Forprosjekt for utgreiing av balkong Status: Forprosjekt er nesten ferdig. Kostnadsestimat for balkong vil bli lagt inn i økonomiplan investering. Forprosjekt vart rimelegare enn antatt														
417	Fellesareal Holmemarka	2016						348	#DIV/0!	-	348	263			-263
	Skildring: Refusjon til Holbergstien Velforening for etablering av veilys Status: Refusjon til prosjektet er ikkje budsjettert, men det er att 263.000,- på fond som kan brukast til prosjektet. Resten må tas over drift, og bokføringa i rekneskapen må korrigerast.														
460	Div. vedr. kommunale eigedommar	2016						-1 371	#DIV/0!	-	-1 371	-			-
	Skildring: Motteke Husbanktilskot til kjøp av 2 stk. bustader, bokført med 100% lånemidlar i rekneskapen i 2015. Status: Må korrigere finansieringen av prosjektene i rekneskapen for 2016.														
570	Gravplass Meland	01.01.16	31.12.19	31.12.19	25 000	25 000		-	0 %	-		625	24 375	625	-
	Skildring: Utviding av kyrkjegard. Reguleringsplanarbeid for utvidinga startar opp i 2016 Status: Før oppstart av sjølve reguleringsplanen skal det gjennomførast ei geoteknisk undersøkning av grunnen samt ei analyse av eventuell påverknad av nærliggjande vassdrag														
576	Restaurering av orgel	01.01.16	30.06.16	30.06.16	375	393	-18	392	100 %	-	392	392		375	-17
	Skildring: Orgelet er skadd av tørke og må restaurerast Status: Utført														
577	Brannvarslingsanlegg Kyrkja	01.01.16	31.12.16	31.12.16	387	387	-	-	0 %	-	-	387	-	387	-
	Skildring: Anlegget må oppgraderast. Status: Planlegging pågår														
578	Kjøp av sentrumsareal	2016			3 500	3 500		-	0 %	-		3 500		3 500	-
	Skildring: I samband med kommuneplanen og områdeplan for Frekhaug sentrum må ein sjå på kommunen sitt behov for areal, mellom anna til ny kyrkjetomt. Status: Vert forhandlingsmøte i medio september														

Prosj. nr	Prosj.namn	Tidsp. oppstart	Planlagt ferdig:	Prognose ferdig:	Budsjett totalt	Oppd. Progn.	Avvik budsj. - progn.	Reknesk. hittil	% påløpte kostn.	Påløpt pr 31.12.15 (reknesk.)	Rekn. 2016 hittil	Progn. 2016	Prognose 2017++	Budsj. 2016	Avvik progn-budsj
579	Nytt varmeanlegg og kabelnett til kyrkja	01.01.16	31.12.16	31.12.16	375	375		-	0 %	-		375		375	-
	Skildring: Anlegget må oppgraderast Status: Planlegging pågår														
751	Veglys Beitingen	01.01.16	31.10.16	31.10.16	1 081	1 081		-	0 %	-	-	1 081		1 081	-
	Skildring: Bygging av veglys til Beitingen Status: Prosjektet vil gå parallelt med prosjekt 603 Vassleidning Fløksand-Beitingen. Arbeidet held på														
756	2 stk saltspreiarar	01.01.16	31.12.16	31.12.16	188	188		83	44 %	-	83	188		188	-
	Status: Kjøpt inn ein saltspreiar														
757	Lesseapparat til strøsand	01.01.16	31.12.16	31.12.16	500	500		496	99 %	-	496	496		500	4
	Status: Kjøpt inn.														
760	Asfaltering kommunale vegar	2016			875	875	-		0 %	-		875	-	875	-
	Skildring: Asfaltering av kommunale vegar Status: Held på med asfaltering av kommunale vegar														
761	Trafikksikring	2016			375	375	-	-	0 %	-		375	-	375	-
	Skildring: Mindre trafikksikringstiltak på kommunale vegar Status: Kjem ein ny sak om prioritering av tiltak i neste møte i UDU grunna nye prisar på veglys.														
762	Kommunale bygg	2016			1 250	1 250	-	127	10 %	-	127	1 250	-	1 250	-
	Skildring: Investeringar i eksisterande bygningsmasse Status: Vert utført i tråd med tiltaksplan godkjent av UDU.														
778	Gangbru Mjåtveitvegen	01.01.15	31.12.15	31.03.16	1 800	1 800	-	1 645	91 %	-	1 645	1 800	-	1 800	-
	Skildring: Eit ledd i utbyggingsavtala for Løypekona der kommunen finansierer deler av trafikksikringstiltaka Status: Utbetalt														
785	Aggregat, Meland sjukeheim	01.01.15	31.12.15	29.02.16	3 750	3 500	250	3 512	100 %	642	2 870	2 890	-	3 140	250
	Skildring: Etablering av aggregat på Meland sjukeheim Status: Aggregatet er ferdig. Prosjektet går noko under budsjett.														
786	Ladepunkt el-bilar	01.02.15	2015/2016		311	311	-	-	0 %	-	-	311	-	311	-
	Skildring: Etablering av ladestasjon for el-bilar i kommunal regi Status: Hurtigladestasjon i Frekhaug senter skal vere på plass i løpet av september														
787	Forskottering undergang Holme	01.01.16	31.12.16	31.12.16	3 000	3 000	-	-	0 %	-	-	3 000	-	3 000	-
	Skildring: Forskottering av planlagt undergang på Holme Status: Reguleringsplan er under arbeid														
910	Startlån	01.01.16	2016		8 320	8 320	-		0 %	-	6 365	8 320	-	8 320	-
	Skildring: Netto kostnad avdrag på startlån og utbetaling nye startlån 2015 Status: Ett lån utbet. hittil i 2015														
929	EK-innskot KLP	01.10.16	2016		700	700	-		0 %	-	1 056	700	-	700	-
	Skildring: Auka eigarkapital i KLP basert på auka pensjonsgrunnlag. Finansierte frå kapitalfond. Status: Noko meir enn rekna med i budsjett														
Sum alle driftsinvest.:					231 262	230 997	232	24 296		3 873	27 876	92 020	137 125	137 589	45 569

Periodisk prosjektrapportering - pågående investeringar

alle tal i 1000 kr

Prosj. nr	Prosj.namn	Tidsp. oppstart	Planlagt ferdig:	Prognose ferdig:	Budsjett totalt	Oppd. progn.	Avvik budsj. - progn.	Reknesk. hittil	% påløpte kostn.	Påløpt pr 31.12.15 (reknesk)	Reknesk. 2016 hittil	Prognose 2016	Prognose 2017++	Budsj. 2016	Avvik progn-budsj	
600	Vassleiding Ådlandsvågen- Landsvik	01.02.15	30.06.16	30.06.16	15 000	12 000	3 000	10 435	87 %	2 814	7 621	9 000	-	12 186	3 186	
Skildring: Overføringsledning for å kunne kople vassforsyninga i nord til Meland vassverk slik at Husebø vassverk kan leggjast ned. Status: Har lagt sjøleidinga. Held på med avsluttande arbeider. Anlegget går under budsjett. Foreløpig er det estimert med ca 3 mill.																
601	Fullreanseanlegg Hestdal	01.02.15	31.12.18	31.12.18	45 200	45 200	-	379	1 %	225	154	2 775	42 200	2 775	-	
Skildring: Bygging av nytt fullreanseanlegg på Hestdal for å sikre godt, nok og sikkert vatn i framtida. Status: Skisse- og forprosjekt har vist at opphøveleg planlagt reinseprosess ikkje er mogleg. Det har også vist seg at ny inntaksledning må vere lengre og det fører til større dimensjon. Dette fører også til behov for ein større råvasspumpeasjon enn først antatt. Desse endringane har ført til behov for ei større kostnadsramme for prosjektet. Større kostnadsramme vil bli fremma som ein del av økonomiplanprosessen.																
603	Vassleiding Fløksand Beitingen	01.02.15	31.12.16	31.12.16	12 400	12 400	-	5 847	47 %	525	5 322	11 875	-	11 875	-	
Skildring: Etablering av vassleiding for å sikre vassforsyninga til Rossland med eit ringleidningssystem. Status: Anlegget er i slutfasen og skal ferdigstillast i november.																
605	Oppgradering pumpeasjon Mjåtveit	30.09.15	31.12.15	31.03.16	1 208	1 292	-84	1 292	100 %	1 208	84	85			-85	
Skildring: Oppgradering av pumpeasjonen for å sikre at det ikkje kjem framtidig forureining i Mjåtveit. Status: Ferdigstilt. Anlegget er nominert til Vannbransjeprisen for vestlandet saman med to andre prosjekt.																
606	Vassleiding Landsvik- Rossland	01.04.16	31.12.18	31.12.18	22 200	22 200	-	45	0 %		45	800	21 400	500	-300	
Skildring: Bygging av vassleiding frå Landsvik til Rossland for å lage eit ringleidningssystem Status: Held på med initiell prosjektering																
654	VA-kryssing E39	01.01.15	31.12.15	30.11.16	1 500	1 500	-	371	25 %	7	364	1 500	-	1 500	-	
Skildring: Kryssing med trekkeøy for VA-leidinger under E39 Status: Kryssinger er gjennomført																
655	Overvatn Flatøy	01.01.15	31.12.15	31.10.15		-	-	63		1 229	-1 166	-1 229	-		1 229	
Skildring: Overvatn Flatøy Status: Prosjekt i samband med utbyggingen av E39, skal betales av Vegvesenet. Meland kommune skal berre dekke noko kostnader til singel i grøft. Feilført periodisering i forhold til 2015, skal korrigert																
662	Avlaupsleiding Holmeknappen-Tveit	01.02.16	31.12.18	31.12.18	11 800	11 800	-	-	0 %	-	83	800	11 000	800	-	
Skildring: Etablering av avlaupsanlegg for å sanere område frå Holmeknappen til Tveit. Status: Held på med initiell prosjektering																
663	Separering Grønlandsområdet	01.02.15	31.12.17	31.12.17	7 500	7 500	-	6 115	82 %	952	5 163	6 500		6 500	-	
Skildring: Bygging av eige overvasssystem i området. Status: Held på med området ved Meland ungdomsskule. Av ulike årsaker har prosjektet blitt meir omfattande og kostnadskrevjande enn det som var budsjettet. For å sikre ein god gjennomføring av prosjektet er det fremma eiga sak om omfordeling av midlar innan VA budsjettet frå andre prosjekt som går under budsjett/kan utsettast.																

Prosj. nr	Prosj.namn	Tidsp. oppstart	Planlagt ferdig:	Prognose ferdig:	Budsjett totalt	Oppd. progn.	Avvik budsj. - progn.	Reknesk. hittil	% påløpte kostn.	Påløpt pr 31.12.15 (reknesk)	Reknesk. 2016 hittil	Prognose 2016	Prognose 2017++	Budsj. 2016	Avvik progn-budsj
664	Sanering Fløksand	01.04.15	31.12.17	31.12.17	3 000	3 000	-	58	2 %	-	58	3 000		3 000	-
		Skildring: Bygging av slamasvilkjar og utslepp Status: Held på med prosjektering. Gjennomføring av prosjektet er foreslått utsatt i sak om omdisponering av midlar på VA-budsjettet.													
666	Oppgradering Varnappen reinseanlegg	01.02.15	30.04.16	30.04.16	1 000	1 000	-	1 501	150 %	-	1 501	1 000		1 000	-
		Skildring: Etablering av prøvetakingskummar og utbygging av anlegget Status: Utført. I løpet av anleggsarbeidet viste det seg at det var behov for ein omfattande ombygging av reinseanlegget for at det skulle fungere slik det burde. Dette har ført til noko meirkostnader. Prosjektet heng nært saman med prosjekt 663 Separering Grønlandsområde og det er fremma ei felles sak om omfordeling av midlar innan VA-budsjettet.													
669	Vassleidning Heiane	01.01.16	01.05.16	01.05.16	480	480	-	472	98 %	-	472	480		480	-
		Skildring: Flytting av kommunal leidning Status: Utført													
670	Gravemaskin	01.02.16	31.12.17	31.12.17	600	600	-	559	93 %	-	559	600		600	-
		Skildring: Kjøp av gravemaskin Status: Kjøpt inn													
671	Spylevogn	01.02.16	31.12.17	31.12.17	300	300	-	-	0 %	-		300		300	-
		Skildring: For reingjering av kummar og leidningar Status: Ikkje kjøpt inn enno													
Sum alle VA prosjekter:					122 188	119 272	2 916	27 137	23 %	6 960	20 260	37 486	74 600	41 516	4 030
Sum alle prosjekter:					353 450	350 269	3 148	51 433	15 %	10 833	48 136	129 506	211 725	179 105	49 599

Til kontrollutvalget

Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet i forhold til Meland kommune, regnskapsåret 2016

Innledning

I henhold til forskrift om revisjon (revisjonsforskriften) § 12 skal oppdragsansvarlig revisor for kommuner ha ført en hederligandel. Oppfølging av dette kravet tilligger kontrollutvalget, jamfør merknader til nevnte bestemmelse.

I følge revisjonsforskriften § 15 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget.

Lovgivningsmessige krav til revisors uavhengighet

Følgende fremgår av kommuneloven § 79:

Den som foretar revisjon for en kommune eller fylkeskommune kan ikke ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller dennes nærstående har en slik tilknytning til revidert eller kontrollert virksomhet, dens ansatte eller tillitsmenn, at dette kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet. Som nærstående regnes

- a) ektefelle og en person som vedkommende bor sammen med i ekteskapsliknende forhold
- b) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken, og deres ektefeller eller personer som de bor sammen med i ekteskapsliknende forhold og
- c) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken til en person som nevnt under bokstav a.

Det samme gjelder dersom det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av oppgavene. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i en interkommunal samarbeidsordning, medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

Krav til uavhengighet er nærmere spesifisert i revisjonsforskriften § 13.

- Revisor kan etter denne forskrift ikke inneha andre stillinger hos kommunen eller fylkeskommunen eller i virksomhet som den kommunen eller fylkeskommunen deltar i ved siden av revisoroppdraget.

- Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i.
- Revisor kan ikke delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiverne eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon.

I tillegg er det følgende begrensninger ved gjennomføring av oppgaver, jf. revisjonsforskriften § 14:

- revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
- revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
- revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Pkt 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i Nordhordland Revisjon IKS og Nordhordland Revisjon AS.</i>
Pkt 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organ i noen virksomhet som Meland kommune deltar i med unntak av Nordhordland Revisjon IKS og Nordhordland Revisjon AS.</i>
Pkt 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Meland kommune som har betydning for uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p>Før slike tjenester utføres foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</p> <p>Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</p> <p><i>Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Meland kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p>
Pkt 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og	<i>Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Meland kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>

kontrolloppgaver	
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede opptre ikke som fullmektig for Meland kommune.</i>
Pkt 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til uavhengighet og objektivitet.</i>

Isdalstø, 16.11.2016

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Oppdragsansvarlig revisor